

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F1053	Knut Øyjordet	02.06.23	20/23

SPØRSMÅL OM Å VIDAREFØRE BORTLEIGE AV ØYASETRA TIL NY EIGAR AV STEINEHAUGEN

Saksdokument:

1. E-post frå Odd Joar Steinehaugen av 28.02.23 til fjellstyret og Statskog.
2. E-post frå Statskog av 01.03.23 til fjellstyret.

Saksutgreiing:

Odd Joar Steinehaugen har seld garden Steinehaugen i Heidal til nevøen Erik Steinehaugen Stormyr, og det er ønskje om å vidareføre leige av Øyasetra. Garden har leigd denne setra av fjellstyret til hamning for kviger, kyr og kalvar sidan 1973. Det blir betalt kr. 100,- i leige til fjellstyret, og i fjor vart det betalt for seks dyr. Steinehaugen har nyleg kosta på nytt gjerde med toppbord. På setra er det oppført ei bu, som Statskog i 2014 gav løyve til å restaurere og å byggje på ein svalgang, samt å kunne setje opp ein eigen skåle/utedo. Det er inngått ei festekontrakt og med årleg festeavgift for bua, og som gjeld så lenge festaren dvs. eigaren av Steinehaugen, leiger kvea av fjellstyret.

Vurdering:

I og med at ny eigar av Steinehaugen, Erik Steinehaugen Stormyr skal drive med storfe, og har behov for å nytte Øyasetra til hamn, så er det naturleg å vidareføre bortleige av setra til han, og med ein «symbolsk» leigepris.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret har fått beskjed frå Odd Joar Steinehaugen om at Erik Steinehaugen Stormyr er ny eigar av garden Steinehaugen i Heidal, og at han ønskjer å vidareføre løyve frå fjellstyret om å leige Øyasetra til hamn for storfe. Fjellstyret meiner det er naturleg å halde fram med bortleige av setra til eigaren av dette bruket så lenge han har behov for å hamne kvea med egne dyr. Det blir sett ei årleg avgift på kr. 100 pr. dyr, som skal bli innbetalt til fjellstyret innan 1. november.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Erik Steinaugen Stormyr/Odd Joar Steinehaugen
Statskog SF

Vågåmo, 02.06.23

Knut Øyjordet (e.f)